



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø

Arkivreferanse: 2026/531-3

Vurderingar - medlemskap i Hardangerrådet IKS

Saksnr.	Organ, utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering.
2. Kommunestyret vil nytte meir tid til å avklare kva strategiske retningsval som skal ligge til grunn for moglege framtidige kommunesamarbeid. Kommunestyret ber rådmannen komme attende med sak som greier ut:
 - Føremål med kommunesamarbeid
 - Alternative retningsval og ulike samarbeidsløysingar
 - Forslag til strategi – grunnlag for kommunesamarbeid

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av: Kommunestyret

Saka skal til innstilling i: Formannskapet

Oppsummering

Kommunestyret har bedt om ei utgreiing av medlemskap i Hardangerrådet IKS, og rådmannen vurderer at problemstillinga bør inngå i ei breiare politisk drøfting om strategiske retningsval for kommunesamarbeid.

Hardangerrådet IKS er eit interkommunalt samarbeid som skal styrkje Hardanger-regionen gjennom felles innsats for regional utvikling, næring, samferdsel og politisk påverknad. For Samnanger vil medlemskap gi tilgang til regionale prosjekt og utviklingsmidlar, men også medføre årleg kontingent, eigarinnskot og behov for administrativ kapasitet til å følgje opp arbeidet.

Kommunen har allereie omfattande samarbeid i Bergens- og Nordhordlandsregionen, og gjeldande kommuneplan og strategisk næringsplan opnar for ulike typar kommunesamarbeid på sentrale utviklingsområde. Medlemskap i Hardangerrådet kan gi ei sterkare regional stemme, men kan også binde ressursar og dreie merksemda mot ein region som ikkje fullt ut samsvarar med innbyggjarane sine orienteringsmønster.

Rådmannen peikar på at Samnanger har fleire alternative samarbeidsformer, som prosjektbaserte samarbeid, styrkt samarbeid i eksisterande regionar og temabaserte interkommunale nettverk. Val av samarbeidsretning bør byggje på ein politisk prosess som klargjer kva utfordringar kommunen vil løyse gjennom samarbeid, og kva regionale strukturar som best støttar dette. Rådmannen tilrår difor at saka vert teken til orientering no, og at det blir utarbeidd eit strategidokument for kommunesamarbeid før kommunen tek stilling til medlemskap i Hardangerrådet IKS.

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka

Kommunestyret fatta følgande vedtak i møte 28.04.26 (sak 39/2026):

Kommunestyret ber rådmannen komme med ei sak som belyser fordelar og ulemper ved eit eventuelt medlemskap i Hardangerrådet IKS, og kva kostnader som må vurderast.

Rådmannen peiker på at det vil vere føremålstenleg å gjennomføre ei breiare politisk drøfting som inneber å problematisere og vurdere strategiske retningsval framover. Det peiker mot at Samnanger kommune bør vente med å ta stilling til eit eventuelt medlemskap i Hardangerrådet IKS.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar

Hardangerrådet IKS er eit interkommunalt selskap kor kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik tek del. Føremålet er å styrkje regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggje til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vere eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd (kjelde: selskapsavtalen).

Målsetjingar for Hardangerrådet IKS (frå selskapsavtalen: [Selskapsavtale Hardangerrådet iks frå 2021 vedteken i Representantskapet 221020 - Google Dokumenter.pdf](#)):

1. Å bygga ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
2. Å vera eit strategisk organ for Hardanger og bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen på ulike arenaer gjennom å ha ei nøkkelrolle i forhold til regional fornying, innovasjon og omstilling.
3. Å driva regional utvikling med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
4. Å utvikla regionen gjennom samarbeid mellom kommunane med fokus på identitet, attraktivitet, næring, kompetanse, skule og helse.
5. Å gje felles fråsegner på vegne av kommunane overfor fylke, sentrale styresmakter og andre i saker der dette er naturleg.
6. Å samarbeida med andre regionråd og driva aktiv distriktpolitisk arbeid for å fremja viktige regionale saker, både internt men også overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
7. Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot regionale og sentrale styresmakter

Hovudsatsingar for Hardangerrådet IKS 2021-2024

1. Regional utvikling : Distriktpolitisk arbeid, samarbeid mellom regionråd, attraktivitet, aktivitetar, kultur, digitalisering, omdøme/vertskap.
2. Humankapital/Innbyggjarar: tilflytting.
3. Næringsutvikling Demografi, kompetanse, lytta til ungdomane, innsats for : Viktige næringar, utdanning, heilårsarbeidsplassar, rett kompetanse, attraktivitet.
4. Infrastruktur : Samferdsel og digital infrastruktur/5G
5. Smart innovasjon : Betre utnytting av ressursar, arbeidstakarar, forvaltningssystem, utvikling, attraktivitet.

Organisering av Hardangerrådet IKS:

- Regionrådet/representantskapet er Hardangerrådets sitt øvste organ og består av ordførarane i deltakande kommunar
- Styret i Hardangerrådet IKS er samansett av 3 personar med 2 varamedlemmer. Styret vert valde av representantskapet, og for 2 år om gongen. Styreleiar kallar inn til møta og set dagsorden. Styret skal sjå til at selskapet vert drive etter lover og

denne selskapsavtalen. Styret skal sørge for ein forsvarleg formuesforvaltning og føra tilsyn med dagleg leiar.

- Hardinginget er samansett av formannskapa i deltakande kommunar
- Rådmannsforum: rådmennene i deltakande kommunar

Økonomi

Hardangerrådet er finansiert ved at eigarkommunane betalar årleg kontingent. Storleiken på kontingenten baserer seg på innbyggjartal kor 30 % er fordelt likt mellom medlemskommunane og 70 % er fordelt etter folketal.

Førebels estimat tilseier ein årleg kontingent for Samnanger kommune på om lag kr. 370 000,- dersom kommunen skulle verte medlem. Reknestykket bak dette talet er at Samnanger vil utgjere ca. 10,4 % av samla innbyggjartal i regionen. Delen (1/3) knytt til lik fordeling i fordelingsnøkkelen vert ca. 6,67 %, og delen (2/3) knytt til innbyggjartal vert ca. 6,94%. Samla vert det 13,6% av budsjettet sum på kr. 2,74 mill. for 2027. Budsjettet/kontingenten skal dekke dagleg drift og finansiering av prosjekt/tiltak i regionen.

Budsjett og økonomiplan Hardangerrådet IKS – tilskot frå kommunane:

Tilskot frå kommunane		2 110 470	2 737 098	2 901 324	3 075 404	3 259 928
Kommune	Prosent	2026	2027	2028	2029	2030
Eidfjord	11%	232 152	301 081	319 146	338 294	358 592
Kvam	34%	717 560	930 613	986 450	1 045 637	1 108 375
Ullensvang	44%	928 607	1 204 323	1 276 583	1 353 178	1 434 368
Ulvik	11%	232 152	301 081	319 146	338 294	358 592
		2 110 470	2 737 098	2 901 324	3 075 404	3 259 928

I tillegg må Samnanger betale inn sin del (eigenkapital) i tråd med selskapsavtalen. I rekneskapen for 2025 er denne oppført slik for noverande medlemskommunar:

Deltaker	Innskutt kapital	Ansvar del
Ullensvang Kommune	48 000	44%
Kvam Herad	26 000	34%
Eidfjord Kommune	10 000	11%
Ulvik Herad	8 000	11%
Sum	92 000	100%

Rådmannen legg til grunn at Samnanger representerer om lag 10,5 % av samla innbyggjartal. Dersom selskapskapitalen framleis vert kr, 92 000,- tilseier det eit eingongsinnskot på ca. kr. 10 000,-. Dersom innskotskapitalen skal aukast forholdsvis i tråd med at Samnanger kommune vert medlem, vil det utgjere ein relativt liten auke i Samnanger sin del. Det er ikkje teke stilling til om det er behov for å auke administrative ressursar dersom Samnanger tek del. Dersom det skulle skje vil det innebære ein auke i årleg kontingent tilsvarande.

Kommunale planar - Samnanger

Kommunestyret vedtok samfunnsdelen (kommuneplanen) i juni 2025. I strategidelen er følgende som gjeld kommunesamarbeid vist til:

- *Samarbeida med omegnskommunar for å bidra til vekst i næringslivet og styrke regionen som ein felles bu- og arbeidsmarknad*
- *Samarbeide med omegnskommunar for å utvikle aktivitetar og attraksjonar som gjer at vitjande oppheld seg lenger i regionen*
- *Vera pådrivar for gode lokale utdanningstilbod i regionen*
- *Å samarbeida med omegnskommunar for å bidra til vekst i næringslivet og styrke regionen som felles bu- og arbeidsmarknad*
- *Etablere interkommunalt samarbeid på kompetansekravjande oppgåver t.d. plan, byggesak og VA*

I strategisk næringsplan er følgende vist til:

- *Reiseliv: Samarbeid med lokale og regionale aktørar for utvikling av berekraftige reiselivsprodukt.*
- *Eablering av sjø-/havnæringar: Legge til rette for felles støttetenester i samarbeid med nabokommuner.*
- *Berekraftig og arealeffektiv næringsutvikling: Sjå på moglegheitar for regionalt samarbeid kring næringsutvikling.*
- *Aktiv tilnærming til næringslivsaktørar utover Samnanger kommune:*
 - *Søke samarbeid og dialog på tvers av kommunegrenser.*
 - *Gjere seg synleg og posisjonere seg utover kommunegrenser.*
 - *Opprette nettverkssamarbeid med næringsaktørar i nærliggande kommunar.*

Utover desse punkta er det mange av strategiane som kan løysast både med utgangspunkt i kommunen sjølv, eller i ulike typar kommunesamarbeid.

Uttalar frå andre

Dagleg leiar i Hardangerrådet, Ann Irene Myrheim, har gjeve tilbakemelding til rådmannen om at regionrådet i møte 23.06.26 fatta følgende vedtak:

Regionrådet og rådmannsforumet stiller seg positive til nye medlemmer, slik at regionen kan stå sterkare samla i saker av felles interesse. Nye medlemskap vil medføre utarbeiding av ny fordelingsnøkkel.

Rådmannen har i dialog med dagleg leiar drøfta ulike forhold knytt til ein eventuell medlemskap for Samnanger kommune. Utdrag frå denne dialogen under:

Kan du seie noko om kva du trur kan vere aktuelle moglegheiter for Samnanger på kort/lang sikt, og som kan vere litt handfaste/konkrete å rette blikket mot dersom kommunen får ta del i Hardangerrådet?

Oppsummert svar:

På kort sikt vil Samnanger få tilgang til etablerte samarbeidsarenaer og større tyngd inn mot fylke og stat, noko som gir betre moglegheit til å påverke saker små kommunar ofte står svakt i kvar for seg. Kommunen får høve til å delta i felles prosjekt og søknader om utviklingsmidlar, og til å samarbeide tettare om kompetanse, rekruttering og kapasitet både administrativt og fagleg. Samstundes blir Samnanger ein del av ein meir samordna region i Bergensområdet, der politikarar får ein arena for å bli høyrde og påverke utviklinga utover eigen kommunegrense.

På lengre sikt handlar dette om å ta del i regional kraft og strategisk posisjonering, der Hardanger har store moglegheiter innan grøn industri, energi, reiseliv, kompetansearbeidsplassar, bu- og arbeidsmarknad og samferdsel. Samnanger kan bidra til og dra nytte av ein meir samla bu- og arbeidsregion med sterkare politisk tyngd og betre geografisk samanheng mellom fjord, fjell og Bergen. Over tid kan kommunen vere del av eit fellesskap som er meir offensivt og framtidsretta enn det kvar kommune kan vere åleine.

Kva trur du kan vere sentrale bidrag frå Samnanger inn i fellesskapet/rådet? Det vil vere viktig for kommunen også å kunne bidra til å løfte/vidareutvikle samarbeidet – kva moglege forventningar vil rådsmedlemmane/du kunne ha til oss?

Oppsummert svar:

Eit godt regionalt samarbeid krev at alle kommunane både får ut verdi og bidreg aktivt. Samnanger kan særleg tilføre samarbeidet nærleik til Bergen og viktige utviklingsaker, erfaringar som lita kommune tett på ein storbyregion, samt kompetanse og perspektiv på energi, naturforvaltning og arealpress. Kommunen kan også bidra med ein politisk og administrativ kultur som utfordrar og utviklar fellesskapet, og med nye nettverk mot aktørar utanfor dagens Hardangerstruktur. Samstundes vil ein kunne forvente at Samnanger deltek aktivt i strategiske drøftingar og er med på å utvikle eit breiare regionalt perspektiv, ikkje berre talar eigen lokale sak – slik ein også forventar av dei andre medlemskommunane.

Kva trur du vil vere dei 3-4 viktigaste satsingane for Hardangerrådet dei næraste 5 – 10 åra?

Oppsummert svar:

Eg ser særleg nokre tema som vil vere viktige framover: Samferdsel og infrastruktur, der mellom anna RV13, E134, rassikring, fjordkryssingar og betre mobilitet blir avgjerande for regional utvikling. Energi, kraft og grøn omstilling, der Hardanger bør ta ein tydelegare posisjon i diskusjonar om kraft, verdiskaping og industriutvikling. Rekruttering, kompetanse og busetjing, fordi tilgang på arbeidskraft og attraktive lokalsamfunn blir heilt sentralt. Regional samfunnstryggleik og beredskap, der klima, rasfare, energisikkerheit og totalberedskap krev meir samarbeid mellom kommunane. I tillegg vil digitalisering og meir systematisk samarbeid om offentlege tenester truleg bli viktigare enn i dag.

Historien om framtida; kva kan vere ein førebels kongstanke for regionen dersom Samnanger og evt. andre (?) vert med?

Oppsummert svar:

Vestlandet står framfor store omstillingar innan energi, industri, beredskap, klima og verdiskaping. Skal regionen lukkast, trengst sterkare regionale aktørar som kan samle kommunane om felles mål og vere ei tydeleg stemme nasjonalt. Ein mogleg kongstanke er at regionen utviklar seg til kraftsenteret på Vestlandet – eit regionalt samarbeid som tek leiarskap i dei store utviklingssakene og samlar kommunane om felles strategiar og prioriteringar.

Vi har dei naturlege føresetnadene. Regionen er bygd på kraft, industri, naturressursar og sterke lokalsamfunn. Med eit utvida samarbeid kan vi knyte saman fjord, fjell og kyst i ein region med større fagleg, politisk og økonomisk gjennomslagskraft. Målet er ikkje å bli størst, men å bli den regionen som best evnar å omsetje naturressursar, kompetanse og samarbeid til berekraftig verdiskaping og attraktive lokalsamfunn. Det krev at kommunane løftar blikket frå eigne kommunegrenser og i større grad opptre samla i møte med stat, fylke, næringsliv og akademia. Når regionen står omforeint om dei viktigaste vegvala, aukar både gjennomslagskrafta og evna til å skape resultat.

Vurderingar og konsekvensar

Samnanger kommune har i dag eit tett og godt samarbeid i IKT-Nordhordland (IKTNH) og Digitalisering og innovasjon (DI). Her sikrar Samnanger god og trygg drift av IKT-system og tek del i felles utvikling og innovasjon knytt til fagsystem på dei fleste teneste- og funksjonsområda. Dette er det samarbeidet kor kommunen nyttar mest ressursar/tid og merksemd, og kor me får klart mest i retur.

I tillegg samarbeider kommunen med Bergen kommune innafor brannvern og barnevernsvakt. I Bjørnafjorden har me felles landbrukskontor kor også Tysnes tek del. Me har felles interkommunal renovasjonsteneste (BIR) med Bergen og omliggande kommunar (Askøy, Bergen, Bjørnafjorden, Kvam, Osterøy og Vaksdal). Viser til eigarskapsmeldinga (vedlegg) for utfyllande om ulike samarbeid. På barnevernsområdet har kommunane Samnanger, Austevoll, Tysnes og Ulvik utvikla samarbeidet «små saman» som skal gjere små barnevernstenester meir robuste – gjennom samarbeid som ikkje omhandlar formelle vertskommunesamarbeid. Innanfor helse og omsorg rettar Samnanger kommune seg i stor grad mot Nordhordland og Bergen. Me har legevaktsamarbeid med Bjørnafjorden kommune, samt at me tek del i Midthordland kompetanseregion.

Det kan vere føremålstenleg om Samnanger kommune gjer seg opp nokre tankar om kvar kommunen bør samarbeide framover, og om kva tema. Kommunen ligg geografisk plassert på eit vis som gjer at det er lett å rette seg mot Bergen, Nordhordland, Bjørnafjorden og Kvam/Hardanger. Samstundes har fleire av kommunane austover samanfallande interesser med Samnanger kommune knytt til krafttema.

Rådmannen si vurdering er at det bør liggje ei meir heilskapleg politisk drøfting til grunn for om Samnanger kommune skal søkje å ta del i Hardangerrådet IKS – eller andre større samarbeid. Dette arbeidet bør summere opp kva som er viktige tema/område for kommunen å få løyst framover, og korleis få dette løyst.

Dersom Samnanger skal utvikle seg er kommunen avhengig av å vere ein kommune som vert opplevd som ein ressurs, ein kommune det er lett og godt å samarbeide med, og som på ein del område vektar regional utvikling framfor lokal utvikling – fordi dette på sikt også tener kommunen. Samnanger har mykje kraft og potensial i seg til å kunne bidra, samstundes har kommunen store behov i åra som kjem.

Rådmannen vil peike på at Samnanger kommune bør ha ein klar og uttalt strategi for kva som skal løysast og i kva eventuelt samarbeid det er best å søkje å gjere dette. Det vil bidra til ein opplyst debatt som tydeleggjer grunnlag for retningsval, men kanskje også bidrar til ein større diskusjon som tek opp i seg kva som skal vere Samnanger kommune si posisjon i åra som kjem. Me kan ha eit sterkt fokus på Samnanger, men samstundes eit balansert blikk som gjer kommunen til eit godt val for samarbeid regionalt. Eit viktig underlag er å vere positiv innstilt til vurderingar om utgreiingar av samarbeid. Det gjev betre beslutningsgrunnlag og meir opplyste avgjersler.

Det er vist til fleire utviklingsområde i samfunnsdelen (kommuneplanen) og strategisk næringsplan som godt kan og bør løysast i ulike typar kommunesamarbeid. Det gjer at det ligg til rette for at Samnanger kan bli ein god samarbeidskommune for både enkeltkommunar og regionar – men at det bør avklarast på kva vis kommunen skal forvalte eit best mogleg samarbeid og i kva retning(ar) samarbeidet skal gå.

Samnanger kommune har fleire alternativ for å ivareta regionale interesser både med og utan medlemskap i Hardangerrådet IKS. Eit alternativ kan vere å undersøkje om det er råd å utvikle avtalebaserte og prosjektbaserte samarbeid med Hardangerrådet på utvalde område, til dømes næringsutvikling, kraft, reiseliv, klima og samferdsel. Kommunen kan då gå inn som part i konkrete prosjekt der nytten er tydeleg, utan å binde seg til det fulle medlemskapet og den løpande deltakinga i alle deler av rådet sitt arbeid.

Eit anna alternativ er å styrkje samarbeidet i dei regionane der Samnanger har sterkast funksjonell tilknytning, særleg mot Bergensregionen og Nordhordlandsregionen. Dette kan gjelde samarbeid om arbeidsmarknad, samferdsel, tenesteproduksjon, beredskap og samfunnsutvikling, gjennom eksisterande interkommunale samarbeid og regionale forum.

Vidare kan kommunen velje å arbeide gjennom temabaserte interkommunale nettverk eller vertskommunesamarbeid/IKS på avgrensa område (til dømes næringskontor, landbruk, plan og areal). Slik kan kommunen delta der behovet er størst, utan å vere del av eit breitt regionråd.

Rådmannen vurderer at desse alternativa på eit godt fundert grunnlag kan gi Samnanger kommune rom for regional påverknad og samarbeid, samstundes som kommunen beheld fleksibilitet til å prioritere dei samarbeidsarenaene som best støttar lokale mål og innbyggjarane sine behov.

Kommunestyret bør difor drøfte kva strategiske målsettingar ein ynskjer å rette ressursane sine mot.

Moglege fordeler og ulemper/risikoar ved å ta del i Hardangerrådet IKS – utover dialogen (over) med dagleg leiar i Hardangerrådet IKS:

Fordeler	Ulemper/risikoar
Politiske og strategiske • Sterkare regional stemme inn mot statlege og regionale aktørar (fylkeskommune, statlege etatar, Nye Veier, Helseregion osv.). • Betre høve til å påverke samferdselsprioriteringar, næringspolitikk, areal- og samfunnsutvikling gjennom ein samla regional arena. • Tydelegare regional tilknytning som kan styrkje kommunens posisjon i større strategiske prosessar og planar.	Politiske og strategiske • At kommunen sine egne prioriteringar blir svekte fordi agendaen i Hardangerrådet i stor grad tek utgangspunkt i dei større Hardanger-kommunane. • At kommunen blir knytt sterkare til ein region som ikkje samsvarar fullt ut med innbyggjarane sine faktiske orienteringsmønster (arbeid, utdanning, tenester), til dømes meir mot Hardanger enn mot Bergensregionen. • At kommunen får mindre handlingsrom til å delta i andre regionale samarbeid, fordi kapasitet og ressursar blir bundne til Hardangerrådet.
Økonomiske og kapasitetsmessige • Moglegheit for kostnadsdeling i prosjekt og tiltak som elles ville vore dyre å gjennomføre åleine. • Meir effektiv bruk av ressursar ved at fleire kommunar samarbeider om utgreiingar, planarbeid og utviklingsprosjekt. • Potensiell tilgang til støtteordningar og finansiering som krev regionalt samarbeid.	Økonomiske og kapasitetsmessige • Auka kostnader knytt til deltaking (eigarandel, kontingent, møteverksemd, reise og arbeidstid). • At rådmann/administrasjon og folkevalde får mindre tid til lokale oppgåver fordi regionalt arbeid tek mykje kapasitet. • Risiko for at nytteverdien av deltaking blir mindre enn ressursane kommunen legg inn, særleg dersom få prosjekt er direkte relevante for Samnanger.
Andre • Fast samarbeidsarena der politisk og administrativ leiing møtest jamleg, noko som gir strukturert dialog om felles utfordringar og moglegheiter. • Lettare å byggje nettverk mellom administrasjon og folkevalde på tvers av kommunane, som kan vere nyttig også utanom Hardangerrådet sine konkrete saker. • Større synlegheit for Samnanger kommune i regionale samanhengar. • Tilgang til kompetanse og erfaringar frå andre kommunar i Hardanger-regionen,	Andre • Utydelege rolle- og ansvarslinjer mellom Hardangerrådet, kommunen og andre regionale samarbeid, som kan skape overlapp eller konkurrerande strukturar. • At forventningane til kommunen si deltaking og medverknad blir høgare enn det kommunen realistisk kan levere, og at Samnanger dermed får liten reell påverknad. • Risiko for at Hardangerrådet blir ein ekstra politisk arena som kompliserer

særleg på område som næringsutvikling, reiseliv, klima/miljø og beredskap. • Større moglegheit til å ta del i felles prosjekt og søkje eksterne midlar (fylkeskommunale, statlege og EU/EØS-midlar) gjennom Hardangerrådet. • Deling av utviklingsressursar (prosjektleiing, utgreiing, analyse) som det kan vere krevjande for ein liten kommune å ha aleine.	styringa og prioriteringane for kommunestyret.
--	---

Konsekvensar

Rådmannen vurderer at eit medlemskap i Hardangerrådet IKS vil ha både direkte og indirekte konsekvensar for Samnanger kommune.

På kort sikt vil medlemskap innebere formell tilknytning til Hardangerrådet som politisk og administrativ samarbeidsarena, behov for å avklare politisk representasjon og administrativ deltaking, auka kostnader til eigardel/kontingent og møteverksemd, og krav om kapasitet i administrasjonen til å følge opp saker, prosjekt og arbeidsgrupper.

På lengre sikt kan medlemskap medføre at Hardangerrådet blir ein viktig kanal for innspel og påverknad mot fylkeskommune og statlege aktørar, og at Samnanger tek del i fleire regionale prosjekt innan samfunnsutvikling, næring, reiseliv, klima og samferdsel.

Samstundes vil kommunen si strategiske orientering i større grad rettast mot Hardanger-regionen, noko som *kan* skape avstand til samarbeidsarenaer i Bergens- og Nordhordlandsregionen.

Hardangerrådet vil vere ein ekstra arena der politiske mål og ressursbruk blir drøfta. Dette kan gi større påverknadskraft, men krev tydelege prioriteringar for å sikre at regional deltaking ikkje går på kostnad av arbeidet med lokale tenester og andre funksjonelle samarbeid. For innbyggjarane vil konsekvensane avhenge av om Hardangerrådet lukkast med konkrete prosjekt og satsingar som er relevante for Samnanger.

Dersom kommunen vel å ikkje gå inn som medlem, vil Samnanger stå utan formell plass i Hardangerrådet som samarbeidsarena. Det kan avgrense påverknad og tilgang til enkelte prosjekt og utviklingsressursar via regionrådet, men gir samtidig større fridom til å prioritere samarbeid mot Bergensregionen og andre eksisterande interkommunale samarbeid. Kommunen vil spare kostnader og kapasitet knytt til deltaking, men må då sjølv finne andre kanalar for regional påverknad og samarbeid der det er behov.

Konklusjon og rådmannen si tilråding

Rådmannen tilrår at Samnanger kommune på noverande tidspunkt ikkje søker medlemskap i Hardangerrådet IKS, men tek saka til orientering. Hovudgrunnen er at kommunen bør avklare kva moglege utfordringar, strategiar og målsetjingar som skal liggje til grunn for ulike typar kommunesamarbeid framover. Rådmannen rår til at kommunestyret ber rådmannen utarbeide framlegg til strategidokument for kommunesamarbeid.

Kunstig intelligens (KI) er brukt som støtte i utarbeidinga av saksframlegget. Bruken av KI er gjort i samsvar med kommunen sine gjeldande retningslinjer. Heile innhaldet i saksframlegget er gjennomgått og kvalitetssikra av sakshandsamar.

Vedlegg

- 1 Vedteken eigarskapsmelding 2025-2028